

Ny fart i prosjektet på Eikelandet?

10.10.2008

- Det ser ut som om det løsner for boliger i Uskedalen. Sagvåg Invest er nye eiere og det ser ut som de vil komme i gang.

Dette skriv arkitekt Ove Grung i Bergen no til Kvinnherad kommune om bustadprosjektet på Eikelandet.. Etter eigarskiftet har det vore heller stille rundt dette prosjektet, som vekte oppsikt fordi det hadde ei noko uvanleg planløsning med åtte enkeltstående bustader..

Arkitekten fortel at denne planløysinga ikkje er endra etter eigarskiftet. Det er gjort berre mindre endringar, til dømes har dei snudd terrassane mot fjorden.

Ellers opplyser OveGrung at han har sendt det justerte prosjektet til Sagvåg Invest for godkjenning og har inntrykk av at det no vil skje noko med det.

Det har ikkje lukkast uskedalen.no å få kontakt med selskapet Sagvåg Invest, som held til på Stord og som vart etablert innunder jul i 2007.

I føremålsparagrafen heiter det at selskapet skal eiga, erverva, prosjektera og utvikla fast eigedom for vidaresal.

Av Ola Matti Mathisen